




08/82



Aukra kommune



Årsmelding 2007





Innleiing

Kommunelova § 48 pålegg kommunane å utarbeid årsrekneskap og årsberetning (årsmelding). Årsmeldinga skal gje opplysningar om verksemda utover opplysningane i årsrekneskapen, i tillegg til andre forhold som er av vesentleg betydning for kommunen. Årsmeldinga skal og gjere greie for likestillingsarbeidet i kommunen.

For administrasjonen og politikarane skal årsmeldinga vere ei verktøy for oppfølging av målsettingane i årsbudsjettet, målsettingar som igjen er formulert ut frå økonomiplana og kommuneplana.

For innbyggjarane i Aukra skal årsmeldinga informere om aktivitetar, investeringsprosjekt og resultat i dei ulike einingane.


Dokumentet er inndelt i fire hovuddelar, der politisk og administrativ leiing kommenterer året 2007 i kapittel ein. I kapittel to finn ein statistikk og fakta om kommunen, medan kapittel tre viser økonomiske oversikter. I kapittel fire finn ein einingane sine årsmeldingar med målsettingar, kommentarar på avvik og økonomisk resultat.

Innhald

	side
Kapittel 1	
Frå ordføraren	2
Frå rådmannen	3
Medarbeidar og organisasjon	5
Kapittel 2 Utviklingstrekk i Aukra	
Befolkning/sysselsetting	7
Kommunebarometer	9
Kapittel 3 Økonomiske oversikter	
Driftsrekneskapen	10
Investeringsrekneskapen	11
Kapittel 4 Rapport frå einingane	
Stab/støtte	12
Riksfjord skole	14
Julsundet skole	16
Barnebo barnehage	18
Bergetippen barnehage	19
Oppvekst og kultur	20
Pleie og omsorg	24
Helse og sosial	26
Plan, utvikling og samfunn	28
Forvaltning, drift og vedlikehald	30
Brann og beredskap	32
Ormen Lange	33



Frå ordføraren



Det vart i 2007 halde 10 kommunestyremøte og 139 saker vart behandla. I tillegg er det gjennomført orienteringar til kommunestyret frå fleire hald for å verte oppdatert og informert. Det er vidare gjennomført grenda-/folkemøte der kommunen har vore aktør eller medspelar.

Samhandling og samarbeid mellom dei forskjellige utvala og kommunestyret har vore bra. Difor er det grunn til å rose politikarar for dei politiske drøftingane før vedtak vert fatta. Grunnlaget og tilrettelegginga av saker er særst godt gjennomarbeidd frå administrasjonen og kjem godt fram i utgreiing. Det er til stor hjelp og støtte før avgjersler vert fatta politisk.

Aukra kommunestyre har ein god og konstruktiv arbeidsmetode der meiningane kjem fram, og vedtaka respektert. Gjennomføringa og fortsettinga av slike måtar å arbeide på politisk, er prisverdig. Det gjer at omdømet vårt på den politisk arena vert styrka, og signaleffekten sannsynlegvis vil kunne etterlevast også på andre arenaer.

Aukra kommune er medlem i fleire interkommunale selskap og deltek i interkommunale samarbeidsordningar. Dette er ordningar som har som grunnlag at alle kommunane som deltek skal verte

betre på tenester og kunnskap. Og som skal komme innbyggjarane i den enkelte kommune til gode.

Innbyggjarane i Aukra har valt inn representantar til kommunestyret som skal fungere frå 2007 til 2011. Formannskapet har vorte vedtatt utvida til sju medlemmar der alle politiske parti er representert.

Aukra kommunestyre tilsette Dagfinn Aasen einstemmig som ny rådmann i Aukra. Val av styre råd og utval for kommunestyreperioden vart for ein stor del gjennomført på slutten av året.

Det har vore lagt opp til å forsøke og ha ein god og konstruktiv dialog med alle lag og organisasjonar i kommunen. Like viktig er det at den enkelte innbyggjar i Aukra skal kunne få framføre saker ein har på hjertet, og å få kunne treffe den politiske leiinga dersom det er ønskeleg. Takk til alle politiske kollegane mine i Aukra for eit godt samarbeid til beste for innbyggjarane i kommunen.

Avslutningsvis vil eg rette ei stor takk til alle tilsette i Aukra kommune for ein framifrå innsats. Utan dykkar heilhjerta "stå på vilje" på alle plan og arbeidsplassar, ville det vore særst vanskeleg og vore politikar. Eg rettar og ein takk til alle tillitsvalte som gjer ein viktig innsats for at samarbeidet, arbeidsmiljøet og oppgåvene vert godt ivaretatt.

Bernhard Riksfjord
Ordførar



Frå rådmannen



Målsetjing

Aukra kommune har som målsetjing å vere ein effektiv, rasjonell og tidsmessig tilpassa organisasjon. Dette skal bidra til å setje brukarane, dvs innbuarane i fokus, slik at kommunen kan produsere/yte dei kommunale tenestene som er tilpassa brukarane sine behov.

Rådmannen har lagt stor vekt på at heile den kommunale sektor må levere, og at Aukra kommune sin kjerneproduksjon, nemleg helse og sosial, pleie og omsorg, skolar og barnehagar, kultur, samt samfunnsutvikling og oppgåvene knytta til teknisk, har optimal drift.

For grad av måloppnåing viser ein til enkelte einingsleiarar og stab sine tilbakemeldingar.

Administrativ struktur

Ny struktur frå 2005 skulle vurderast etter to år. Evaluering har vore gjort, og er etter kommunestyrevedtak ført vidare både politisk og administrativt. Det er lagt opp til mindre endringar.

Politisk har vi igjen innført formannskapet med sju representantar, og lagt vekt på at dei skal vere kommunen sitt leiande hovudutval.

Etter to heile års erfaring, meiner rådmannen at einingane skal fungere godt både økonomisk og i høve til spesifikk fagkunnskap.

Det har vore dialogmøter mellom administrasjon og politikarar, og administrasjonen har vore

aktiv i budsjettprosessen.

Kollegamedverknad (KM)

Prosjektet KM har lagt eit nytt år bak seg. Dette har vore samlingar av fast tilsette kommunale arbeidstakarar på tvers av fag. Sentrale tema er arbeidsglede, korleis møte nye krav, oppgåver og endringar, kommunen som organisasjon, leiing, samarbeid på tvers og i grupper, brukardialog, heilskap og fleirfagleg samarbeid.

Ved slutten av 2007 har dei aller fleste tilsette gjennomført KM, og tverrfagleg har alle tilsette fått større innsikt i eigen organisasjon, oversyn over administrativ leiing, og betre bakgrunn for sjølve å kunne medvirke. Rådmannen er godt nøgd med gjennomføring og utbytte av KM.

Anna indreteneste

Viktige faktorar som sjukefråvær og bedriftelshelseteneste er kommentert av personalsjefen.

Aukra har hatt ein særst stram arbeidsmarknad, og for dei fleste fagfelt har det vore vanskeleg å støtte behovet for vikardekning.

Hausten 07 vart stillingane som informasjonskonsulent og gasskoordinator lagt ned. Desse stillingane var delvis basert på ekstern støtte. Dette fører til at kommunale oppgåver i høve til heimeside og kommuneavis må tilleggast andre, og kanskje ein ikkje oppnår ei like god oppfølging som tidlegare.

Kommunal kontakt i gass-samanheng er eit arbeidsfelt som til ei kvar tid er aktuelt. Kommunen må kontinuerleg vurdere behovet her.

Økonomi

2007 var eit godt økonomisk år for Aukra. Dette visste ein tidleg, då det var klart at eigedomskatten utgjorde ein vesentleg



større sum enn budsjettet. Takseringa kjem etter budsjetteringa.

På den andre sida har Aukra investert med store låneopptak i perioden, i all hovudsak til nødvendige infrastrukturiltak i høve til Ormen, men også eigne prosjekt. Lånemassen synest å bli urovekkande stor, og administrasjonen la fram økonomiplan med åtte-års perspektiv for kommunestyret hausten 07. Eit av hovudgrepa er å kome over frå lånefinansiering til større eigen kontantfinansiering.

Frå 2008 er det langt færre personlege skatteyterar som skattar til Aukra, samt at eigedomsskatten vil bli meir stabil og uendra i åra framover. Det er difor viktig med ei god økonomisk drift av kommunal tenesteyting, noko som igjen er kommunen sitt primære mål.

Investeringar må tilpassast økonomisk evne over tid.

Einingane rapporterer månadleg til rådmannen om økonomisk drift.

Kommunestyret har vedtatt at det skal vere tertialrapportering frå administrasjon til politisk nivå.

Interkommunale ordningar

Aukra kommune er inne i ei lang rekkje kommunale samarbeidstiltak. Av dei vesentlege kan ein nemne RIR

(renovasjon), lege- og ambulansesamarbeid, Tøndergård skole, m.m. I hovudsak mottar kommune eigne årsmeldingar frå "ytre" instansar.

Rådmannen vil særleg fokusere på GassROR IKS. Her er kommunane Aukra, Fræna, Midsund, Molde og Eide med, samt Møre og Romsdal fylkeskommune.

GassROR IKS mottar midlar frå alle medlemskommunane. Aukra og Fræna skal betale inn 10 % av eigedomsskatten frå Ormen Lange, medan dei andre kommunane er inne med kr 25,- pr innbuar. Fylkeskommunen yter årleg om lag 700.000,-, og Sparebanken Møre er også inne med ein liknande sum.

Selskapet har vedtatt å støtte utbygginga ved Haukebøen med 5 millionar kvart år i 15 år, og Molde lufthamn med 2 mill. også i 15 år.

Aukra får ein refusjon på samla 6 mill. sett i samheng med regional vassverksutbygging.

Det vert sett av årlege midlar til Møreaksen.

Ormen Lange/ Norske Shell.

Hausten 07 vart Hydro som utbyggjar av Nyhamna avløyst av Norske Shell som driftar. Ein går inn i ein driftsfase som skal vare i ca. 40 år. Skiftet vart mellom anna markert med besøk av Kongen, og med stor konsert på Aker stadion i Molde, og med landsdekkjane fjernsynssending.

Kommunen har allereie etablert eit godt samarbeid med Shell, og ein håpar på vekst og utvikling av industriføretak både i direkte tilknytning til anlegget på Nyhamna, og av knoppskytande industri i kommunen elles.

"Dei nære ting"

Det kan være greitt å konkludere med at det tradisjonelle næringslivet i kommunen har hatt godt driv.

Her kan ein vise til nøkkelbedrifter som Aker Yards og Vikenco, men også til andre bedrifter på Hukkelberg, Nautneset og elles på Gossen, samt til Julsundet.

Lokale entreprenører har og hatt godt arbeidstilfang.

Det ser ut som Aukra Sikkerhetssenter kjem i utvida drift i nye lokaler. Samarbeidet med Aukra Næringsforum er godt. Sentrumsplan med hotellplanar er aktuelle tema i tida.

Endeleg vil ein nemne at rådmann Ole Bjørn Moen starta i ny stilling i Kristiansund 1. november, og at ny rådmann Dagfinn Aasen kom på plass like over nyårsskiftet, og er godt i gang i skrivande stund.

Rolf Blomvik
Konst. rådmann



Medarbeidarar og organisasjon



KM-gruppe nr. 15

Ved utgangen av 2007 hadde Aukra kommune 261 årsverk fordelt på ca. 330 fast tilsette. Dette er ei auke på elleve årsverk frå 2006. Det vart oppretta flest årsverk i barnehagane i samband med at Barnebo barnehage vart ferdigstilt med ny avd. Furutun. Barnevernet blei styrka med eitt årsverk og vaktmeisterressursen på Aukraheimen auka frå 50 til 70 % stilling.

To tilsette tok ut AFP, ein vart alderspensjonist, mens tre fekk innvilga midlertidig uførepensjon. Ved å setje inn tiltak har også fire tilsette greidd å komme tilbake i arbeid.

Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråværet totalt var på 7,4 %, ei lita auke frå 7,3 året før. Korttidsfråværet er på 2,6 %, ein nedgang frå 2,9 i 2006, mens langtidsfråværet er på 4,8 %, ei auke frå 4,3%. Målet om redusert sjukefråvær har vi ikkje nådd. Det er stor etterspurnad etter arbeidskraft og enkelte einingar er underbemanna pga sjukefråvær og mangel på vikarressursar. Dette fører igjen til større arbeidspress på dei som er igjen.

Samarbeidet med bedriftshelsetenesta er veldig god. Vi har gjennomført HMS-kurs (40-timarskurset) for 27 leiarar, verneombod og tillitsvalde. 80 tilsette har vore innkalla til helsekontrollar og bedriftshelsetenesta vert nytta til arbeidsplassundersøkingar og rådgiving.

Medarbeidarundersøking: (score 1-6)

Undersøkinga var den same som i 2005 og snittet totalt var på 4,3, mens det i 2005 var 4,4. Aukra kommune scora høgast på samarbeid med kollegaene (4,9), trivsel (4,7), stoltheit over eigen arb.plass (4,7) og innhald i jobben (4,6). Lågast var fysiske arbeidstilhøve (3,9), system for løns- og arbeidstidsordningar (3,9) og overordna leiing (3,7).

Planer

Ei arbeidsgruppe har arbeidd med forslag til ei seniorpolitisk plan som skal leggjast fram til politisk handsaming. Også lønspolitisk plan og delar av personalpolitisk plan har vore drøfta med tillitsvalde og ei revidering er i gang.

Likestilling

Politisk: I kommunestyret er det 43 % kvinner og i formannskapet 57 %. Ordførar, varaordførar og leiar for hovudutvala er alle menn.

Kvinner i % av talet på tilsette og i % av totalt årsverk:

Eining	% kvinner tilsett	% kvinner årsverk
Rådmannskont. og stab/støtte	68	63
Riksfjord skole	70	68
Julsundet skole	70	73
Barnebo barnehage	100	100
Bergetippen	91	89
Oppvekst og kultur	74	80
Pleie og omsorg	93	94
Helse og sosial	73	67
PUS	38	38
FDV	7	7



Administrasjon: Det er ca. 81 % kvinnelege arbeidstakarar i Aukra kommune. I øverste leinga er det 60 % kvinner.

Ved tilsettingar legg ein vekt på å tilsette det kjønn som er underrepresentert når dei elles har like gode kvalifikasjonar.

Lønn: Ved lokale lønsforhandlingar 2006 vart det sett fokus på å rette opp lønsforskjellane mellom kvinner og menn i mellomleiarstillingar og fagstillingar med særskilt ansvar.

Deltid: 23 % av alle tilsette har fast arbeid mellom 0-39 %. I 2005 var talet 14 %. 45 % har ei deltid mellom 40-99 %, for 2005 var talet 55. 32 % har heil stilling, same som for 2005. Mange av desse tek vikariat i tillegg og har over tid høgare stillingsstorleik. Arbeidsgivar har fokus på å auke stillingsstorleiken så langt det er mogleg, men det er framleis eit stykke å gå. Stillingar blir lyst ut internt når vi har kvalifiserte medarbeidarar i arbeidsstokken som ønsker å utvide stillinga.

Kompetanseutvikling

28 % av dei tilsette er ufaglært, 31 % har fagbrev, men 41 % har høgskole- eller universitetsutdanning. Mange har lang praksis i kommunen og realkompetansen er stor.

Kollegamedvirkning (KM) er eit program for alle tilsette i kommunen. Programmet skal bidra til betre innsyn i seg sjølv og arbeidet ein gjer, rolla som medarbeidar og Aukra kommune som organisasjon. Tema i programmet er: kva som skaper arbeidsglede, korleis møte nye krav, oppgåver og endring, kommunen som organisasjon, leiging, samarbeid på tvers og i grupper, brukardialog, heilskap og fleirfagleg samarbeid – vi-kultur. KM starta opp i 2006 og ved utgangen av 2007 var det gjennomført 14 kurs med til saman 254 tilsette som har gjennomført kurs og prosjektoppgåve. KM er no eit kjent begrep i kommunen som det er viktig å vidareutvikle.

Lærlingar

Vi hadde 4 lærlingar i 2007 fordelt på omsorgsarbeidar, institusjonskokk og IKT. Ein av desse fekk fagbrev i haust. Vi fekk ikkje nok søkarar ved utlysing av ledige lærlingeplassar våren 2007 og hadde ledig plass både i barne og ungdomsarbeidarfaget og omsorgsarbeidar.

Lokale lønsforhandlingar

Det vart gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i kap. 3 (leiarar) og kap. 5. Til saman gjaldt dette ca. 20 tilsette. Etter sentrale forhandlingar vart det ikkje sett av lokal pott i kap. 4.

Heidersmerke

Ein person fekk tildelt heidersmedalje og åtte fekk tildelt heidersmerke frå KS for lang og tro teneste i kommunal og fylkeskommunal teneste.

Rannveig Oterhals
Personalsjef



- Kap 2 - Utviklingstrekk i Aukra

Befolkning/sysselsetting


Folketal

I løpet av 2007 har folketallet auka med 32 innbyggjarar til 3.174 innbyggjarar. Dette tilsvarer ei auke på 1 %. Få andre kommunar i romsdalsregionen kan vise til ei større, relativ auke i folketallet for 2007, enn Aukra. Årsaka til veksten er positiv netto tilflytting kombinert med fødselsoverskot. Dette er ei utvikling vi har hatt i Aukra dei siste ti åra (sjå tabell). Positive fødselstal er viktig for alderssamasetjinga i befolkninga.

År	Fødsels- overskot	Netto - innflytting	Folke- tilvekst
1998	11	-33	-22
1999	-	17	17
2000	5	-15	-10
2001	19	38	57
2002	-3	15	12
2003	12	6	18
2004	15	-18	-3
2005	16	33	49
2006	18	25	43
2007	14	18	32

Utvikling i alderssamansetjing 1990 - 2008

Innbyggjarar





Folketalet og samansettinga av aldersgrupper har mykje å seie for dei statlege overføringane og dermed for dei kommunale tenestene.

Tendensen vi har sett i folketalsutviklinga sidan 2005 heldt fram i 2007. I 2005 snudde den negative utviklinga i aldersgruppene 16-19 og 20-44 år, til ei auke.

Aukra har framleis vekst i barnetalet og i dei eldste aldersgruppene, jfr. figuren ovanfor.


Aukra har ei jamnare fordeling mellom menn og kvinner i fruktbar alder enn elles i fylket, og barn og unge utgjer ein større del av befolkninga, som vist nedanfor.

Befolkningsstruktur 2007. Prosent	Aukra	Fylket	Landet
Menn pr.100 kvinner 20-39 år	103,5	107,1	102,8
Del barn og unge 0-17 år	25,3	23,8	23,4
Del eldre 80 år og over	5,8	5,4	4,7
Del personar med innvandrarbakgrunn, vestleg	1,0	1,3	2,3
Del personar med innvandrbakgrunn ikkje-vestleg	3,5	3,0	6,6

Syssette etter næring

Figuren nedanfor viser i kva næringar Aukra sine 1630 yrkesaktive personar var syssette, ved inngangen til 2007.

Syssette etter næring



Bustadbygging

Bustadbyggingsprogrammet Aukra kommune utarbeidde for perioda 2004 til 2007, la opp til bygging av omlag 20 bustader i året i perioda. I ettertid viser det seg at talet på nye bueiningar i kommunen vart slik:

År	Igangsette bueiningar
2004	15
2005	28
2006	30
2007	26



Kommunebarometer

- SSB sine indikatorer for samfunn og livskvalitet -

	2006	2007
Levekår (indeks 1-10, 10 størst problem)		
Sosialhjelp	...	1
Dødelighet	1	1
Uføretrygd	2	2
Attføringspengar	3	2
Arbeidsledige	2	1
Overgangsstønad	9	6
Lav utdanning	6	5
Økonomi (foreløpige KOSTRA-tal)		
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	61553	66590
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	54744	59190
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger	38415	42694
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	64663	84589
Netto driftsresultat i kroner per innbygger	2547	17166
Frie inntekter i kroner per innbygger	33036	36598
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	57675	48041
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger	46022	45558
Lokal livskraft		
Folketilvekst i %	1,38	1
Barn og unge (0-19) %	27,8	28
Barnehagedekning*	75	80
Valdeltaking	...	63,9
Utlån bibliotek alle medier	2,5	2,73
Antall søknader tiltak (byggesøknader)	88	102
*barn 1-5 år i barnehage i prosent av alle barn i kommunen		
Grunndata		
Kommuneareal km2	58,5	
Jordbruksareal dekar	10989	
Produktiv skog dekar	6801	
Folketal pr. 31.12	3142	3174
Folketilvekst	43	32
Innvandring	9	39
Utvandring	19	6
Innflytting	147	134
Utflytting	112	150
Nettoflytting inkl.inn og utvandring	25	18
Døde	26	30
Fødte	44	44
Fødselsoverskot	18	14
Innpendling	388
Utpendling	629



- Kap 3 -

Økonomiske hovudoversikter

Driftsrekneskapen

	Rekneskap 2007	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2006
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	9 679 394	9 488 000	9 488 000	8 682 379
Andre salgs- og leieinntekter	17 581 427	16 587 068	16 612 068	19 177 261
Overføringer med krav til motytelse	53 796 797	37 642 164	37 673 164	49 113 668
Rammetilskudd	14 217 401	0	0	29 237 815
Andre statlige overføringer	4 643 643	2 385 000	2 385 000	4 190 798
Andre overføringer	35 884	36 980 000	36 980 000	103 196
Skatt på inntekt og formue	110 170 683	64 522 000	64 522 000	74 561 773
Eiendomsskatt	69 225 800	40 000 000	40 000 000	18 085 900
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	279 351 030	207 604 232	207 660 232	203 152 788
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	110 021 654	110 039 112	109 234 112	102 261 205
Sosiale utgifter	30 626 487	29 759 948	29 759 948	27 199 773
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	42 612 213	40 522 201	39 199 201	37 958 303
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	9 273 307	8 522 500	8 522 500	7 746 697
Overføringer	14 949 406	6 410 000	8 594 000	13 704 654
Avskrivninger	11 394 083	0	0	8 847 774
Fordelte utgifter	-4 860 025	-4 809 529	-4 809 529	-3 975 025
Sum driftsutgifter	214 017 124	190 444 232	190 500 232	193 743 381
Brutto driftsresultat	65 333 905	17 160 000	17 160 000	9 409 408
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	4 322 251	3 000 000	3 000 000	2 144 866
Mottatte avdrag på utlån	610 018	80 000	80 000	303 153
Sum eksterne finansinntekter	4 932 269	3 080 000	3 080 000	2 448 019
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	8 506 847	7 300 000	7 300 000	5 288 779
Avdragsutgifter	9 846 213	9 125 000	9 125 000	7 307 781
Utlån	350 060	100 000	100 000	333 385
Sum eksterne finansutgifter	18 703 120	16 525 000	16 525 000	12 929 945
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-13 770 851	-13 445 000	-13 445 000	-10 481 926
Motpost avskrivninger	11 394 083	0	0	8 847 774
Netto driftsresultat	62 957 137	3 715 000	3 715 000	7 775 256
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	6 873 747	0	0	753 256
Bruk av disposisjonsfond	225 000	6 125 000	6 125 000	225 000
Bruk av bundne fond	2 410 002	1 660 000	1 660 000	2 718 784
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	9 508 749	7 785 000	7 785 000	3 697 040
Overført til investeringsregnskapet	19 911 434	11 500 000	11 500 000	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	61 310	0	0	753 256
Avsetninger til bundne fond	5 129 446	0	0	3 845 293
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	25 102 189	11 500 000	11 500 000	4 598 549
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	47 363 696	0	0	6 873 747



Investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2007	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2006
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	3 143 341	1 500 000	0	5 190 018
Andre salgsinntekter	1 024 662	0	0	50 988
Overføringer med krav til motytelse	4 350 667	0	0	2 532 353
Statlige overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	486 000	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	9 004 670	1 500 000	0	7 773 359
Utgifter				
Lønnsutgifter	8 512	0	0	0
Sosiale utgifter	1 200	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	35 537 024	66 327 100	59 800 000	52 539 156
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	0
Overføringer	5 084 095	0	0	6 158 047
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	132 651	0	0	72 477
Fordeelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	40 763 483	66 327 100	59 800 000	58 769 681
Finanstransaksjoner				
Avdragsutgifter	6 656 966	2 810 000	2 810 000	1 897 411
Utlån	505 000	0	0	2 745 000
Kjøp av aksjer og andeler	6 280 280	5 950 000	0	1 132 633
Dekning av tidligere års udekket	23 612 778	0	0	0
Avsetninger til ubundne investeringsfond	1 717 500	1 140 000	0	0
Avsetninger til bundne fond	1 078 721	0	0	2 267 645
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	39 851 245	9 900 000	2 810 000	8 042 689
Finansieringsbehov	71 610 058	74 727 100	62 610 000	59 039 011
Dekket slik:				
Bruk av lån	20 837 312	49 310 000	50 300 000	43 304 854
Mottatte avdrag på utlån	1 800 217	1 260 000	810 000	2 407 578
Salg av aksjer og andeler	1 140 000	1 140 000	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	19 911 434	11 500 000	11 500 000	0
Bruk av disposisjonsfond	5 236 012	2 277 100	0	672 500
Bruk av ubundne investeringsfond	18 749 613	9 240 000	0	1 033 909
Bruk av bundne fond	3 935 470	0	0	1 057 400
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansiering	71 610 058	74 727 100	62 610 000	48 476 241
Udekket/udisponert	0	0	0	-10 562 770



- Kap 4 - Rapport frå einingane

Stab/støtte



Budsjettramme

Budsjett var kr.17.846.000.

Ramma skal dekke all politiske aktivitet, tilskot til næringsforum og utviklingsfond, personforsikringar, tilskot til soknet, drift av rådmannskontoret, politisk sekretæriat, fellestenesta., lønn- og personal, økonomi og IKT, revisjon.

Mål

Sentralorganisasjonen med stab/støtte skal yte tenester til kommunen sine innbyggjarar, til eksterne offentlege instiusjonar og til resultateiningar.

Organisasjonen skal ha sterkt fokus på fagleg kompetanse og service, samstundes som kommunalt tenestetilbod skal vere effektivt og brukartilpassa.

Lønn / personal

Løns- og personalkontoret har 2,3 årsverk. Kontoret punchar og betaler ut all lønn og har eit særskilt ansvar for endringar i fastlønn, kontering og all avlønning av vikarar i grunnskolen, barnehagane, SFO, vaksenopplæring og OKU. Vi har ansvar

for å kreve inn refusjon, bistår med lønsfastsetting ved tilsetting og held einingane oppdatert på endringar.

Personaloppgåvene består mellom anna av HMS, IA-arbeid, rekruttering, personforsikring og pensjon.

Kontoret har stor fokus på service til einingane i forståing av avtaleverket og ved tilsettingar, i tillegg til oppfølging av sjukefråvær. Ei viktig oppgåve framover er å sørge for oppdaterte planer og retningsliner innafor lønn og personal. Til personalfunksjonen ligg også sekretær for administrasjonsstyret, eldrerådet, AMU og overformynderiet og ansvar for gjennomføring av valget.

Økonomi

Økonomikontoret sine ordinære oppgåver er rekneskapsføring, arbeid med budsjett og økonomiplan, rapportering, eigedomsskatteaktivitetar og skatterekneskap. Vi har hatt stort fokus på økonomiplanlegginga og strategi for økonomistyring. Dette endte med K-sak 86/07, ei økonomiplan på 4 + 4 år. Denne er grunnlaget for framtidige planer. I 2007 innførte vi nytt skatterekneskap (SOFIE) og har hatt fokus på opplæring og ta i bruk systemet på best muleg måte. Vi har innført elektronisk handsaming av faktura til kommunen. Dette har effektivisert handsaminga for alle einingane i organisasjonen. I tillegg har vi arbeidd med å betre kvaliteten på ulike system og har hatt stort fokus på å bistå einingane.



IKT

IKT - avdelinga er organisatorisk lagt til økonomikontoret og økonomisjefen er overordna ansvarleg for arbeidet. Avdelinga har to IKT-konsulentar og ein lærling

Planverk og strategi

IKT (informasjons- og kommunikasjons-teknologi) har utvikla seg til å bli ein naudsynt plattform, verktøy og infrastruktur i kommunen sin verksemd. Kommunen har utvikla seg dit at alle fagområde har eigne fagsystem, som blir vedlikehalde, utvikla og drifta. Dei fleste tilsette må bruke IKT-verktøy i ei eller anna form. Å ha eit system som fungerer, blir difor viktig sett frå eit produksjonsperspektiv, økonomisk og grunnlag for å yte gode tenester.

Kommunen skal yte gode tenester til innbuarar og næringsliv. Dette stiller krav til handtering/ behandling av data som kommunen får og gir tilgang til. Opplysningar skal vere korrekt og mottatt informasjon skal handsamast etter gjeldande reglar. Datatryggleik er eit sentralt tema, som vi har stort fokus på. Lagring av data skal gjerast forsvarleg og tilgangen på data skal vere rett.

Aukra kommune forankra politisk sin IKT-strategi i IKT-planen som blei vedtatt i mai 2007. Denne er utarbeidd med grunnlag i e-Kommune 2009. Plana tek for seg heile kommunen sin IKT-satsing med mål og tiltak.

Generelt

Alle kommunen sine bygg er knytt til kommunen sin datasentral via breiband. Det er oppgradert og bygd ut trådløst nettverk ved skolane, barnehageavdelingane, bibliotek og kulturskolen. Alle kommunale bygg utanom Teletun, Julsundet skole og Bergtippen har fått tilgang til kommunen sin telefonsentral i 2007 og kan nytte datanettverket for telefoni. Vi har jobba med å sikre at all drift blir gjennomført innan dei krav som blir stilt. Dette gjeld

særleg i forhold til personvern og lisensar for bruk av programvare. Det har gjennom søknad om HØYKOM-midlar vore jobba med å betre breibandsutbygginga i kommunen. Aukra kommune har fått tilsakn på utbyggingsmidlar, som er vidareformidla til Sund Breiband AS, som er operatøren som fekk tilsaknet etter søknad. Prosjektet blei ikkje ferdigstilt i 2007, men er under utbygging.

Det har vore nær 100 % oppetid på kjernesystema i driftsåret. Noko feil og manglar har oppstått, men då i hovudsak ved straumbrot. Nokre driftseiningar har opplevd tekniske problem, men dette har ramma få kommunale brukarar om gongen. IKT-avdelinga har satsa på at responstida på hjelp frå brukarar skal vere kort og at servicen skal vere god. Innmeldte problem er i hovudsak løyst same dag som melding er mottatt og retting av feil og manglar har blitt gjort av eige mannskap. Vi har ikkje leigd inn konsulenthjelp i 2007.

Administrasjonsavdelinga

Avdelinga dekkjer tre ansvarsområder: Fellestenesta, politisk sekretæriat og drift av kommunehuset.

Administrasjonsavdelinga bistår einingane i innkjøpsrådgjeving, KOSTRARapportering og koordinering av ulike prosjekt.

Prosjektleiing av kommuneplana sin samfunnsdel vart hausten 2007 lagt til avdelinga.

Avdelinga har åtte tilsette fordelt på 4,9 årsverk, der heile sju tilsette har deltidstillingar.

Fellestenesta betjener sentralbord og ekspedisjonen på kommunehuset. I løpet av 2007 vart nær alle kommunale kontor kobla til felles telefonsentral, noko som forenkla og effektiviserer internkommunikasjonen i kommunen. Teknisk kan no heile sentralbordtenesta for kommunen samlast.



Ekspedisjonen har som mål at alle som kjem til kommunehuset skal kjenne seg godt tatt imot og få god service.

Vi yter og tenester for likningskontoret og har også i 2007 hatt stor pågang frå arbeidstakarar frå Ormen Lange-utbygginga.

Vidare servar fellestenesta sentral-administrasjonen og fem einingar med postføring og arkivteneste. Vi har og ansvar for fjernarkivet for heile kommunen og dette er lokalisert i kommunehuset. Arbeidet med ei overordna arkivplan vart sett igang i 2007.

Politisk sekretæriat koordinerer all sakshandsaming og politisk møteaktivitet i kommunen. Det vart i 2007 handsama 139 politiske saker i ti møter i kommunestyret og tilsaman 311 politiske saker i 33 møter i hovudutvala.

Kommunehuset har også i 2007 vore eit mykje nytta møtelokale med aktivitet omlag kvar ettermiddag/kveld. Mange ønsker å bruke lokala og vi har for få møterom. Vi må difor prioritere huset til politiske møter og møter i kommunal regi, og må henvise lag og organisasjonar til andre bygg.

Økonomi/Kostra

Stab/støtte hadde eit overforbruk på kr.344.000.

Investeringar

Telefonsentral - ferdigstilt


Fakturaskanning - ferdigstilt

Lisenshandtering IKT - ferdigstilt

Generelle datainvesteringar - ferdigstilt

Ombygging av inngangsparti/skranke – overført til 2008.

Riksfjord skole



Naturfag i 10.klasse

Budsjettramme

Budsjettramma for Riksfjord skole var i 2007 på kr 25.769.000. Denne ramma skulle dekke drifta av skolen sine fire ansvarsområde; Grunnskole Riksfjord, Vaksenopplæring, SFO Riksfjord og Skolelokale Riksfjord.

Mål

Måla for Riksfjord skole slik dei er lagt fram i budsjettet for 2007, er kanskje av ein meir generell karakter enn kva som var forventa. Måla er relatert til målformuleringane i Kunnskapsløftet og omhandlar styrking av grunnleggande ferdigheiter, formidling av verdiar, allmenndanning og kultur. Ikkje minst er tilpassa opplæring for elevane eit av dei viktigaste måla for skolen vår. I målsettinga vår har vi og tatt med ønsket frå kommunestyret om å leggje til rette for eit inspirerende og utfordrande læringsmiljø.

Måloppnåing

Som ein del av skolen sitt vurderingsarbeid har vi i løpet av året gjennomført ulike underesøkingar og testar. Dette gir oss høve til å få svar på



ein del spørsmål om skolen vår. Undersøkingar og testar er såleis grunnlaget for skolen sitt arbeid med å finne satsingsområde vidare og er ein viktig del av skolen sitt utviklingsarbeid.

Ein av skolens viktigaste samarbeidspartar er foreldra, og difor er det nødvendig for oss å vite kva dei meiner om skolen. Det gir oss informasjon om skolens forbettringspotensiale. I 2007 gjennomførte vi ei nettbasert foreldreundersøking utarbeidd av utdanningsdirektoratet. Dessverre var det få som gjennomførte undersøkinga (16,2%). Materialet er for lite til å trekke dei store konklusjonane, men ikkje uventa skåra vi dårleg på skolen sitt fysiske miljø.

I 2007 gjennomførte vi og elevundersøkinga, ei undersøking som er konsentrert om skolen sitt læringsmiljø. Resultatet viser stor grad av variasjon med tanke på arbeidsmåter, medan mange elevar ikkje kjenner kompetansemåla i læreplanen.

Nasjonale prøver blei hausten 2007 gjennomført på 5. og 8. årstrinnet. Resultata ga informasjon om at vi har behov for å sjå nærare på korleis vi arbeider med matamatikkfaget.

Kommunestyret har vedtatt fem utviklingsmål for skolane i Aukra. Hausten 2007 har vi tatt for oss eitt av måla, "Trivsel, ro og orden". Slik vi ser det, er dette grunnlaget for eit godt læringsmiljø. Vi har hatt ei evaluering av mobbeundersøkinga vår, og gjort ein del endringar for å gjere arbeidet i etterkant av undersøkinga meningsfylt.

Vi ønskjer å utvikle gode og tenlege rutiner i vurderingsarbeidet, både når det gjeld elevvurdering og skolevurdering. Skolen har i dette arbeidet og ved andre høve nytta eksterne rettleiarar. Det har vore både nyttig og inspirerende.

I løpet av 2007 nådde vi målsettinga to elevar pr. datamaskin på ungdomstrinnet.

For å kunne følge opp måla i Kunnskapsløftet, er god tilgang på datamaskinar nødvendig.

Ved ein så stor skole som Riksfjord, er det nødvendig å fordele ansvar og oppgåver i personalgruppa. Siste året har vi hatt ein gjennomgang av alle funksjonane ved skolen, vurdert behovet, og fordelt ansvar og oppgåver.

Økonomi og kommentarar på avvik

Gjennom dei månadlege rapportane er det blitt rapportert følgjande frå Riksfjord skole:

Kostnader til gratis skolefrukt til elevane.

Ny kopimaskin til avd. Solem.

Vi har fleire elevar der det i løpet av skoleåret har oppstått spesielle behov for tiltak.

Auka behov for vaksenopplæringstiltak.

Ekstra kostnader i samband med strakstiltak i SFO i sommarferien.

Skolen har auka driftsutgifter/staumutgifter på grunn av tre nye paviljongar dei siste åra.

Vikarbehovet ved skolen er stort. Dette gjeld både skoledelen og SFO-delen av verksemnda. Vi kan ikkje ha ansvar for elevar i skole og SFO utan å ha høve til å bruke vikarar. Gjennom heile 2007 har det vore stor aktivitet med KM-kurs, anna kursverksemnd og etterutdanning i samband med Kunnskapsløftet. I tillegg har vi hatt stort behov for vikarar i samband med sjukdom i personalgruppa både i korte og lengre periodar,

I 2007 hadde vi eit overforbruk på 6,6 %. Store deler av overforbruket handlar om vikarkostnader. Dessutan er fleire refusjonsinntekter felle ut av Riksfjord skole sitt budsjett, tilsaman kr 1,4 mill.

Investering

I budsjettet for 2007 hadde Riksfjord skole to mindre investeringsprosjekt.

1. Datainvestering, kr 200.000. Prosjektet vart fullført i 2007.

2. Kunnskapsløftet, læremidlar, kr 500.000. Prosjektet vart fullført i 2007.

Inger Åse Bieltvedt Rød
Einingsleiar



Julsundet skole



Budsjettramme

Den økonomiske ramme for Julsundet skole var 9 050 000 ved starten av året. Etter 1. tertial vedtok kommunestyret at elevane i Aukra skulle få gratis frukt frå hausten av, og ramme vår vart auka med 31 000 kr for å dekkje den kostnaden. For skoleåret 2007/2008 dukka det opp uforutsette behov for spesialundervisning og spesielle tiltak for elevar, så ein var nøydd til å sende ei avviksmelding til Rådmannen. Det resulterte i ei auka driftsramme på 256 000 kr frå 2. tertial. Totalt ved årsslutt var derfor driftsramme på 9 337 000 kr.

Mål

Frå målformuleringa for Julsundet skole i budsjettdokumentet vil ein ta fram to punkt:

Vi vil drive ein moderne og funksjonell skule som kan leggje til rette for eit inspirerende og utfordrande læringsmiljø som kan skape identifikasjon og stoltheit hos elevane.

Vi legg sterk vekt på at skolen skal drive ei tilpassa opplæring i ein inkluderande skole.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

I 2007 avslutta vi første årskull av elevar frå både Julsundet og Fræna. Samarbeidet mellom kommunane har vore med og løfta kvaliteten på miljøet i ungdomsskolen. men det har også gitt

personalet visse utfordringar. Ei viktig utfordring for oss når ungdomsskolen vaks og vart 3 gonger så stor, var å få system på skrivne og uskrivne reglar for korleis ein oppfører seg og handterer ulike situasjonar i skolekvardagen. Ordensreglane har vore oppe i Livsløpsutvalet som meldingssak. Det førte til at både elevar og personale syntes at skoledagen vart lettare å handtere, og ein del unødig uro og konflikthar vart borte.

Ein måte å måle kor vidt ein har lukkast i å skape eit inspirerende og utfordrande læringsmiljø som elevane kan identifisere seg med og vere stolte av, er å bruke elevundersøkinga som er gjennomført av Utdanningsdirektoratet kvart år. Vi gjennomførte undersøkinga på alle elevane våre frå 7. – 10. kl. På spørsmål om trivsel svarte 73% av elevane at dei trivst godt eller svært godt på skolen. 73% svarar også at dei prioriterer å bruke tid på både skolearbeid og leksearbeid. 66% av elevane synest at dei får nok utfordringar i mange eller dei fleste fag.

Det kan vere vanskeleg å måle kor langt ein har kome i å drive tilpassa opplæring for elevane. Ein ser noko ut av resultatane frå nasjonale prøver, og ein ser der kvar ein må følgje opp den einskilde eleven. Dersom nasjonale prøver vert gjennomført etter same mal over eit lenger tidsrom, vil ein etter kvart kunne sjå kvar det er viktig for oss å betre undervisninga vår.

Vi har sett oss delmål for korleis tilpassa opplæring skal bli betre hos oss. For det første har vi innført målformuleringar på elevane sine arbeidsplanar for kvar veke. For det andre har vi starta med kompetanseutvikling for personalet i "MiLL", som står for Mange intelligensar, Læringsstilar og Læringsstrategiar.



Økonomi med kommentarar på avvik

Dersom ein ser på den totale økonomiske ramma vår og bruken av henne, har vi brukt omlag 100 000 kr meir enn budsjettert. Ein låg innafor budsjett heilt til årsoppgjeret for Statens pensjonskasse og KLP kom. Det fører også til auke i arbeidsgivaravgift. Det viser seg at det er vanskeleg å budsjettere pensjonskostnadene.

Budsjettet for Julsundet skole er delt i 3: Grunnskole drift, SFO og Skolelokaler.

På den delen som handlar om grunnskole drift er utgiftene noko høge, men så er inntektene tilsvarende høge, slik at ein kjem ut om lag akkurat etter budsjett. Ein har fått inn godt med refusjonar frå trygdeetaten, slik at netto forbruk til vikarar er svært lite.

Drifta av SFO ligg noko over budsjett. Utgiftene er lågare enn det budsjetterte, men inntektene er også lågare enn det budsjetterte. Det vart mindre brukarbetaling enn forventa, og det er budsjettert med eit lærlingetilskot som vi ikkje har fått, for vi har ikkje hatt lærling. Derfor vert totalen for SFO over budsjett.

Skolelokaler ligg litt i overkant av budsjett. Pensjonskostnadene øydelegg for oss der også. Ein kan seie seg nøgd med å halde seg innafor rammer på både gass og straum, medan det går ein del over budsjett til hygieneartiklar til elevane.

Avslutning av eit budsjettår kan vere vanskeleg å berekne. Ein vil gjerne bruke det ein har fått til disposisjon, medan ein også vil halde seg innafor den ramma ein har fått. Når ein etter kvart kjem dit at ein får med seg både overskot og underskot til neste år, kan ein vere meir avslappa med innkjøp rundt årsskiftet.

Investering

Busslomme: Dette er eit tiltak som har stått på dagsorden i Julsundet i mange år.

Ramma har heile tida vore 600 000, utan at ein har hatt noko konkret grunnlag å berekne ut fra. Det har vore lansert mange løysingar på problemet, og det såg ut til å løyse seg i 2007. Det kom så langt at prosjektet vart utlyst på anbod, men anbodsinvasjonen vart nokså snart trekt tilbake, for pengane til prosjektet var nesten brukt opp til ein parkeringsplass for personalet i barnehagen og skolen. Ein fekk gode tips og fann ei rimelegare løysing som kunne realiserast innafor den oppgitte ramma. Derfor er busslomma på det nærmaste ferdig. Det står att å få jamna til eit fortau, asfaltere det og setje opp busskur.

Lærebokinnkjøp: I samband med innføring av Kunnskapsløftet fekk vi 425 000 kr til innkjøp av nye lærebøker til dei klassesteg det var utgitt bøker for. Vi har brukt om lag 16 000 for mykje. Bøkene vart kjøpt inn til skolestart til alle klassesteg unnateke 4., 7. og 10. klasse. Dei vil få nye bøker i 2008.

Datainvestering: Det er avsett 100 000 kr til datainvestering ved Julsundet skole. Investeringsmidlane er tenkt brukt både til personalet og til elevane. Ein har kome så langt at personalet er godt dekt med datamaskinar. Likeins har ein bra dekking blant elevane. Eg vil gi ein honnør til datavdelinga i kommunen for svært god service. Dei er alltid velvillige og stiller opp når vi treng assistanse. Det synest også som at kompetansenivået i avdelinga er høgt. Dataavdelinga står for innkjøpet av maskinvare til oss.

Ventilasjonsanlegg i småskolen: Det var løyvd 100 000 kr til å oppdatere ventilasjons-anlegget i småskolen. Først fekk ein kontrollert luftkvaliteten. Konklusjonen var at kvaliteten var god nok. Derfor vart det ikkje gjort meir med det, og det er brukt av ramma berre til desse undersøkingane.

Svein Løwe
Einingsleiar



Barnebo barnehage



Budsjettramme

Budsjettramme på kr 2.615.000,- skal dekke drifta av den kommunale barnehagen med lokaler på Gossen.

Mål

Trygge barn leikar og lærer best.

Vi ønskjer eit trygt og godt oppvekstmiljø for alle barn som har plass i barnehagen, i stimulerande omgivnader. Barnehagen skal vere ein frivillig del av utdanningsløpet, og vert såleis ein viktig læringsarena for barna.

Budsjettet er sett opp for å fylle denne målsettinga og for å drive ein god barnehage for barn og foreldre, i tillegg til at det skal vere ein god arbeidsplass for dei tilsette.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Forbrukt ramme: kr 2.495.889,-

Nasjonalt mål om at "alle som søkte barnehageplass til hovedopptaket 1. mars skulle ha plass innan utgangen av 2007" er oppnådd. Det var 4 barn på venteliste ved årsskiftet.

Andelen barn fordelt på tilbod. (tal for 2006 i parentes):

Tilbod	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Sum barn
5 dagar per veke, heilt tilbod	20	56	76 (61)
4 dagar per veke	11	17	28 (28)
3 dagar per veke	4	8	12 (18)
2/3 dagar per veke, halvt tilbod	6	1	7 (3)
2 dagar per veke	3	6	9 (5)
Sum barn	44 (34)	88 (81)	132 (115)

Nye lokaler på Furutun tekne i bruk frå 15.08. Rommar 27 plassar for barn i alderen 1 – 3 år. Vi er godt nøgd med lokala i forhold til pedagogiske målsettingar.

I tråd med "**Kompetanse i barnehagen**" – **strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007–2010**, arbeider Barnebo med desse satsingsområda:

Pedagogisk leiing: I utviklingsprogrammet "Leiing, kultur og kvalitet" har personalgruppa arbeid med Vi-kultur, dei pedagogiske leiarane er kursa på leiarrolla i den nye organisasjonen og på kvalitet på tenesta gjennom konkretisering og operasjonisering av målsettingane våre. Vi har med dette fått gode verkty for å arbeide konkret med på avdelingane og vurdere standard for kva som er kvalitativt godt nok i forhold til planverket vårt.

Barns medverknad: Implementering av ny rammeplan for barnehagen held fram.



Mellom anna med kursing, drøftingar og konkretisering av dei nye elementa i rammeplanen på planleggingsdagar og personalmøter. Og ikkje minst i det arbeidet som dei pedagogise leiarane gjer på avdelinga kvar dag. Det er her refleksjonen og praksisendingane visast.

Språkmiljø og språkstimulering: Dette er satsingsområdet vårt dei komande åra, starta opp i 2007. TRAS (tidleg registrering av språkutvikling), Snakkepakken og språkgrupper er etablert i avdelingane sitt arbeid for å stimulere språkutvikling og forebygging av språkvanskar. "Tidleg innsats" er målet. Kompetanseheving blant dei tilsette har og vore viktig. To førskolelærarar er kursa i Språkpakken.

Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole: I samarbeid med Riksfjord skole er dette i gang. Det praktiske kring overgangen er nedfelt i årsplana til Bamebo, det som vert spennande i samarbeidet framover er å sjå samanhengen mellom rammeplanen for barnehagen og læreplanane for skolen.

Alle pedagogiske leiarar samt administrasjonskoordinator og spesialpedagog har bærbar pc. Dette har gjort planleggings- og dokumentasjonsarbeidet, kommunikasjons- og informasjonsflyten internt og eksternt kvalitativt betre og lettare.

Investeringar

Oppgradering Falkhytten, kr 250.000,- sett av i 2007. Kr. 155.000,- brukt i 2007 til skifte av golv i eldste delen av bygget. Prosjektet vert ferdigstilt i 2008.

Investering på leikeplassane, kr 225.000,- sett av i 2006. Prosjektet avslutta i 2007. Utfasing av gamle/ikkje godkjende leikeapparat og innkjøp av nye gjennomført.

*Sissel Oliv Garseth
Einingsleiar*

Bergetippen barnehage



Grilling i grillhytta

Budsjettert ramme

Budsjett er på kr 1 600 000.

Tildelt ramme skal dekke drifta av barnehagetilbodet på Julsundet.

Mål

"Bergetippen barnehage skal vere ein triveleg,stimulerande og utfordrande stad å vere for barna, med vekt på omsorg, leik og læring."

"Gje dei minste barna skjerma sove- og leikeplassar innan utgangen av 2007."

"I samarbeid med kommunen elles tilby barnehageplass til dei førskolebarna i kommunen som ynskjer det."

"Bergetippen barnehage skal vere eit inkluderande fellesskap, der alle skal oppleve at dei er verdifulle for heilskapen."



Måloppnåing og kommentarar på avvik

Formuleringa i det første målet er ei meir generell formulering som alltid må stå som mål for barnehagedrifta.

Ein har nådd målet om å bygge skjerma soveplass for dei minste ute.

Barnehagen har ei gruppe førskolebarn med eit tilbod som mellom anna inneber samarbeid med skolen barna skal byrje på til hausten.

Bergetippen barnehage legg vekt på å vere eit inkluderande fellesskap. Dette barnehageåret har vi fire barn med spesielle behov som får tilrettelagt tilbod i samarbeid med PPT. Mange barn og vaksne lærer seg no teiknspråk, noko som både er inkluderande og populært.

Avvik i høve til måloppnåing

Bergetippen barnehage har ikkje hatt den stabiliteten i personalet som skal vere ein føresetnad for at ein skal møte barn og foreldre på ein god måte. Både korttids- og langtidssjukefråværet er framleis for høgt.

Bemanning

Bergetippen har på grunn av lite stabilitet i personalet og problem med vikarressursar fått tildelt auka ressursar på personalsida. Det gjeld 100 % stilling som førskulelærer

og 50 % stilling som assistent. Førebels har desse stillingane berre dekt opp manglande bemanning på grunn av sjukmeldingar. Avdelingsleiarane har førskulelæruddanning. I den eine førskulelæruddanninga går assistent som er utdanna barne- og ungdomsarbeidar.

Økonomiske resultat

Bergetippen barnehage heldt seg innanfor den budsjetterte ramma for 2007.

Investeringar

Bergetippen barnehage har ikkje hatt større investeringsprosjekt for 2007. Ein har likevel hatt eit budsjett som har gitt høve til utbetringar. Det er sett opp tre utelys, det eine i området mellom skolen og barnehagen. Det vart kjøpt inn ein del uteleikeapparat som vart sett opp og tekne i bruk hausten 2007. Ein har også investert i ein del nye møblar og utstyr på avdelinga for betre å kunne tilrettelegge for leik og aktivitetar på avdelingane.

*Berit Drejer
Einingsleiar*

Oppvekst og kultur



Første klasse ved Riksfjord på besøk på biblioteket

Budsjettramme

Budsjettert ramme for Oppvekst og Kultur er på kr. 11.410.000,-. Ramma skal dekke oppgåver innan tenesteområda; idrett og friluftsliv, kulturaktiviteter, ungdomsarbeid, god helse, pedagogisk koordinering, barneverntenester, flyktningearbeid, Aukra Kulturskole, lokaler Aukratun og Aukra Folkebibliotek.



Mål

Oppvekst og Kultur skal gjennom kontakt, kunnskap, førebyggjande arbeid, samhandling med andre og ved eiga tenesteyting bidra til at Aukrasamfunnet er eit godt samfunn å leve og delta i for alle innbyggjarane. Oppvekst og Kultur har oppgåver i eit breitt spekter og femner store deler av samfunnslivet i Aukra. Tilkobling og bulyst er nøkkelord for verksemda

Måloppnåing og kommentarar på avvik Kulturaktiviteter

Oppvekst og kultur har i tillegg til dei ordinære oppgåvene som ligg til kulturforvaltninga hatt fokus på å marknadsføre eininga som ein samarbeidspartnar for det frivillige kulturlivet i kommunen. I den forbindelse vart det også arrangert førjulssamling for lag og organisasjonar der fokus vart sett på frivillig arbeid og kva betydning det har for lokalsamfunnet. Vidareføring av arbeidet med digitalisering av kulturhistorisk bildearkiv, sakshandsaming av "Hydromidlane" og dei ordinære kulturmidlane har også vore blant oppgåvene.

Ungdomsarbeid

Ungdomsklubbane - Ungdomsklubben i Julsundet har open klubb kvar fredagskveld for ungdom frå 8. klasse og oppover, onsdagskveld er det film. Elles er klubben øvingslokale for band.

UFO (ungdomsklubben på Gossen) er enno i ei innkøyringsfase. Begge klubbane er drivne på dugnad av ungdommane og foreldra.

Ungdomsrådet har hatt 8 møter. Dei har fått orientering om planarbeid i kommunen og fått komme med kommentarar. Ungdomsrådet stod som arrangør av Ungdomens Kulturmønstring i januar. Dei har hatt representantar i KRUS-teamet og "Skal-skal-ikke" prosjektet. To deltok på Barne- og Likestillingsdepartementet si årlege ungdomskonferanse. Aukra har hatt to representantar i Ungdomspanelet i Fylket og Ungdomens Fylkesting.

Open Hall - Fortsatt god oppslutning om tilbodet i Aukrahallen, som er ope annakvar fredag i skoleåret for ungdom frå 8. klasse og oppover.

MOT - Aukra kommune har signert ny avtale med MOT og er med i pilotprosjektet, "Lokalsamfunn med MOT". Målet er å forankre MOT-arbeidet i lag og organisasjonar, kommuneadministrasjon, hos kommunepolitikarar og næringsliv. Aukra var medarrangør på Sommar-MOT som gjekk av stabelen i Sandøy i juli. Dei to MOT informatørane har gjennomført skolebesøk i ungdomsskolen.

Delaktig i *Aktiviteten*, eit samarbeid mellom helsekoordinator, ungdomsarbeidar og Idrettskolen.

God helse

Stillinga som folkehelsekoordinator vart ei 50% stilling frå januar og auka til 100% frå 01.09.07 der stillinga også femnar om arbeidsområde innan idrett og friluftsliv.

Ny styringsgruppe i God Helse vart oppretta våren 2007. Prioriterte oppgåver: *Aktiviteten* - Eit aktivitetstilbod for barn frå 5.-10. klasse. Samarbeidsprosjekt mellom idrettsskole, foreldre og kommune.

Aktiv på dagtid – Eit tilrettelagt aktivitetstilbod for den som er i ein trygdesituasjon og som ønskjer å kome i gang med fysisk aktivitet. Oppstart august 2007, med fire aktivitetstilbod kvar veke.

Skole – Oppfølging av vann-prosjekt og FRI-programmet, samarbeidsmøter, deltatt på informasjonsdagar, skolelunsj og temamøte om ulike fritidstilbod og kosthald.

Barnehage – Samarbeidsmøter. Deltok på temakveld for tilsette og foreldre om kosthald og tannstell.

KRUS – Ei tverrfaglig gruppe nedsett som arbeider med kvalitetssikring og utvikling av rusførebyggjande arbeid i kommunen.

Samarbeid med lag/organisasjonar og velforeiningar – Gitt tilskot til fruktsal på idrettsarrangement.



Idrett og friluftsliv

Ti turmål – Turkrus tildelt alle som registrerte seg ved dei ti turmåla i perioden 1. juli – 30. september. Turkruset vart utarbeidd i samarbeid med kulturskolen.

Kunstgrasbane ved Riksfjord skole – prosjektgruppe nedsett og oppstart på arbeidet med spelemiddelsøknad.

Friluftsliv - To nye toalettanlegg har blitt oppført i løpet av 2007 i tilknytning til friluftsområde ved Smågevatnet og ved Røaleira. Eit samarbeid mellom velforeiningar, Nordmøre og Romsdal friluftsråd og Aukra kommune.

Ny ballbinge oppført ved Solem skole i samarbeid med Solem velforeining.

Pedagogisk koordinering

Vikariat tilsett frå januar. Vidareført arbeidet med planarbeid og utviklingsarbeid. Tilstandsrapportar på skole og barnehage framlagt ved årsslutt. I minoritetsspråkleg nettverk er det utarbeidd eit arbeidsdokument for barnehagar, skolar og kommunale tenester i Aukra kommune til hjelp i møte med foreldre og barn med fleirkulturell bakgrunn. Av andre oppgåver har koordinering av arbeid i skolane og barnehagane gjennom samarbeid i skuleleiarmøta og styrarmøta, samt representere barnehage- og skoleeigar gjennom interkommunale kompetansegrupper og nettverk vore prioritert. I tillegg har pedagogisk konsulent hatt prosjektleiing av "Skal-skal-ikkje"-prosjektet TILKOBLING som har gjennomført sitt andre av tre prosjektår.

Barneverntenester

Barneverntenesta har i 2007 hatt mykje fokus på å informere og samarbeide med andre instansar. Dette fordi ein meiner at samarbeid på tvers av fag, som til dømes skule, barnehage, sosialkontor, helsestasjon og psykiatri, kan føre til betre og meir heilhetleg hjelp til dei borna som treng det.

Strukturering av det praktiske barnevernarbeidet, med tanke på internkontroll, har og vore i fokus saman

med ei satsing på saksbehandlingsprogrammet Familia. Ein har sjølv sagt og hatt den vanlege saksbehandlinga, med tiltaksarbeid og fristar å følgje opp mellom anna. Frå 2007 og framover har ein valt å ha eit spesielt fokus på dei yngste borna.

Ny barnevernleiar starta i januar 2007. Denne har, i tillegg til det nemnde, hatt administrative oppgåver og arbeidd ein del med prosjektet "ROR-barnevern", med tanke på eit eventuelt barnevernsamarbeid på tvers av romsdalskommunane. Barneverntenesta er bemanna med to heile stillingar.

Flyktningearbeid

Pr. 31.12.2007 budde det 28 flyktningar i Aukra fordelt på 13 vaksne og 15 barn.

Flyktningekontoret har gjennom året arbeidd med introduksjonsprogrammet, som er eit fulltids- og heilårsprogram som skal kvalifisera til vidare skolegang eller arbeid. Frå hausten 2007 har opplæringa føregått ved Molde Voksenopplæringsssenter. Dette har fungert svært bra og flyktningekontoret har jamnleg kontakt med senteret. Andre prioriterte oppgåver er oppfølging i forbindelse med barnehage, skole og fritidsaktivitetar. For kvinnene er det tilbod om kvinnetreff ein gong i månaden der dei fleste møter opp.

Aukra Kulturskole

Kulturskolen si målsetjing er å vere eit lokalt kompetansesenter på vårt fagområde for heile kommunen. Kvalitetssikring og vidareutvikling av tilbodet er satt i fokus. Kulturskolen har som mål mellom anna å utvikle elevane sine kunstneriske ferdigheiter etter den enkelte sine føresetnader, vere ressurscenter for og samarbeide med barnehage og grunnskole i kulturfaga, yte tenester og samarbeide med det frivillige kulturliv, samt vere aktiv lokal kulturbærar. Kulturskolen har ca. 200 elevar fordelt på faga musikk, bilde og dans. Frivillig kulturliv brukar tenester som tilsvarar om lag 80% stilling. Kulturskolen er inne i barnehagen med 40% stilling og i grunnskolen med om lag 12% stilling (i tillegg kjem konsertverksemd og arbeid



med lokal kultursekk). Kulturskolen har for året hatt 11 tilsette fordelt på om lag 5,5 årsverk.

Det er gjennomført rullering av plan for Kulturskolen i kommunikasjon med brukarar og politikarar. Den nye plana vart vedteke i kommunestyret og er eit godt reiskap i det vidare arbeid.

Kulturskolen har hatt stor og god aktivitet med konsertar, framsyningar og utstillingar. Spesielt kan nemnast arbeidet med Fylkesutstillinga – der kulturskolar i Romsdalsregionen (med støtte frå Norsk kulturskoleråd) samarbeider om å lage ei utstilling – arbeidet skal slutførast i 2008.

Aukra Folkebibliotek

Det vart i 2007 utlånt 8584 bøker og anna materiale. Dette er ei auke på ca. 4,6%. Biblioteket hadde besøk av ca 4820 personar. Dette er ei auke på ca 2,6 %.

Har jobba aktivt for at biblioteket skal ha ei rolle innan kulturlivet i kommunen, og skal vere ein møteplass for folk i Aukra. Held fram samarbeidet med skolane om skoleboksamlingane og arbeider med å registrere desse på data. Har hatt fleire besøk av både skoleklassar og barnehage. Kulturskolen hadde kunstutstilling heile sommaren med godt besøk. Eventyrstundene for forskolebarn har vore populære. Biblioteket har arrangert ulike forfattarbesøk og fleire lag

og organisasjonar nyttar biblioteket til møter og utstillingar

Økonomi

Oppvekst og Kultur har hatt eit samla budsjett for 2007 på kr. 11.410.000,-. Regnskapstala viser eit årsresultat på kr. 11.023.454,-, som gir eit overskot på kr. 386.546,-.

2007 bar preg av stor utskifting i Oppvekst og Kultur. Dette kan på enkeltomåde gjenspeilast i aktivitet og ein forsiktigheit i forhold til utnytting av ressursane. Ein ser at budsjettpostar som ikkje er reelt budsjettert for ulike faste utgifter har resultert i overforbruk på enkelte ansvarsområde. Stillinga som einingsleiar var vakant i perioden juni til september.

Investeringar

To nye toalettbygg er blitt oppført i løpet av 2007 i tilknytning til friluftsområde ved Smågevatnet og Røaleira.

Ballbinge på Solem, eit samarbeidsprosjekt med velforeining og kommune som er finansiert med spelemidlar, støtte frå sponsorar og kommunale midlar.

Opprustning av grusbana på Riksfjord.

Anne Jorunn Sandøy
Einingsleiar



Pleie og omsorg



Sansehagen ved Aukraheimen

Budsjettramme

Budsjettert ramme for 2007: kr 40 715 000,- som skulle dekke drifta av Aukraheimen, Heimetenesta, Bergtun og Teletun.

Mål

Pleie og omsorg skal arbeide for at brukarane opplever å ha eit trygt, verdig og sjølvstendig liv. Vi skal gje ei likeverdig og individuelt tilpassa teneste, som ivaretek den enkelte sine ressursar, eventuelt legge til rette for ei verdig avslutning på livet. Tenesta skal så langt råd, utarbeidast i nært samarbeid med brukar og eventuelt pårørande.

Personalet skal oppleve at dei er verdsett og aktivt deltagande i planlegging og utøving av tenesta. Vi skal legge til rette i høve HMS slik at alle kan yte ei god teneste ut frå sine faglege kvalifikasjonar.

Premissar

For å få til ei god og differensiert teneste, og gje den hjelpetrengande tryggleik, er det ein del premissar som må vere på plass:

- Ha fagfolk i dei oppretta stillingane
- Den enkelte må få høve til å halde seg fagleg oppdatert, og få opplæring i nye oppgåver
- Tilstrekkeleg med vikarar
- Fokus på sjukefråvær

- Akutt plassar på Aukraheimen
- Ha tilgang til hjelpemidlar
- Tilstrekkeleg med ressursar til å imøtekomme uforutsette behov

Måloppnåing og kommentar på avvik

Tenestetilbudet

Vi meiner at vi har nådd måla for tenestene. Brukarane har fått hjelp ut frå behov. Vi har ikkje ventelister på institusjons plassar og heimeteneste. I periodar har 2 – 4 sjukeheims plassar vore leigd ut til Fræna kommune.

Vi har søknader til omsorgsbustader som vi ikkje kan imøtekomme, då det er fleire søkarar enn ledige bustadar. Behov for omsorgsbustadar med to soverom er aukande. Aukra kommune har berre 4 bustadar med to soverom. Vi har 28 omsorgsbustadar totalt.

Dagopphald: 29 brukarar har tilbud om dagopphald frå 1 til 5 dagar i veka. Alle får 3 måltid mat, hjelp til nødvendig stell, sosialt samvær og aktivitetar. Brukarane har etter kvart vorte meir hjelpetrengande, difor er bemanninga auka til to, ein dag pr veka.

Matombrining: 33 forskjellige får tilbod om middagsombrining frå 1 til 7 dagar i veka. Vi har godt samarbeid med pensjonistane, som fortsatt køyrer ut maten både på Julsundet og på Gossen. Inntaksnemnda har som tidlegare behandla alle søknader om langtids- og korttids plass, i tillegg til søknader om dagopphald, matombrining og omsorgsbustad. Nemnda har til saman gjort 152 enkeltvedtak, 3 av desse er avslag på søknad. Eit avslag vart anka, og fekk medhold. Heimetenesta har gjort 49 enkeltvedtak.

Omsorgsløn: 19 heimar mottok omsorgsløn i 2007, mot 15 i 2006



Teletun dagsenter er delt i to med gruppe for funksjonshemma 3 dagar pr veke og psykiatrigruppa 2 dagar pr veke.

Legedekninga for pleie og omsorg var dårlegare pga av stort press på legekantoret. Dette merkast spesielt ved heimetenesta.

Personal

Eining for pleie og omsorg har 80 stillingsheimlar fordelt på nesten 150 personar.

Vi får kvalifiserte søkarar til ledige faste stillingar. Største utfordringa er å få tak i vikarar. Vi merkar at arbeidsmarknaden er stram. Det har vore ei utfordring å ha nok bemanning på helg, både pga av sjukdom og vakanser. Dette medfører at fast tilsette må arbeide ekstra vakter, noko som medfører stor slitasje, og uforutsigbar fritid.

Avdelingsleiarane brukar mykje av tida si på å ringe etter vikarar, for å få til ei forsvarleg teneste. Det blir lita tid til administrasjon og leiing, personalet får ikkje slik oppfølging dei bør ha.

Kommunen har gjennomført medarbeiderkartlegging. PLO har gjennomgått resultatet avdelingsvis, og i felles personalmøte. Dei fleste avdelingsleiarane har hatt medarbeidersamtaler med sine tilsette.

Personalet har fått utvikla seg ved å delta på kurs og prosjekt både internt og eksternt. Nesten alle med stillingar på 50 % eller meir, har deltatt på KM.

Vi har hatt to prosjekt i PLO i 2007: Begge prosjekta har hatt Marianne Zalik frå Triangel som veileder.

1. Organisasjonsutvikling med fokus på leiing

Pleie og omsorg er ei stor eining med mange avdelingar. Det er ei utfordring å leie denne eininga slik at alle dreg i same retning. Einingsleiar saman med avdelingsleiarar var med i prosjektet, og vi arbeidde med forventningar, rolleavklaring, korleis styrke og utvikle systematiske

arbeidsformer med fokus på leiing, prioritering, oppgåvefordeling, myndiggjering av medarbeidarar, oppfølging og synleggjering av resultat.

2. Fleksibel arbeidstid med fokus på større stillingar.

Få til helheitleg tenking og arbeidsmåtar ved Aukraheimen. Samarbeid på tvers av avdelingane.

Vi har sett på

- turnusarbeidet, stillingsprosentar
- informasjon til bebuarar, pårørande og omverda
- arbeidsmåtar, medverknad
- rekruttering

Tre assistentar har teke eksamen og er godkjendte hjelpepleiarar og avdelings-sjukepleiar tok eksamen i organisasjon og leiing i 2007.

Sjukefråvær i PLO i 2007 har vore på 8 %. Den enkelte sjukmelde blir følgt opp av avdelingsleiar i samsvar med at vi er IA-bedrift.

Heimetenesta og Bergtun hadde tilsynsbesøk frå Arbeidstilsynet den 19.03.07:

Heimetenesta fekk pålegg frå arbeidstilsynet på desse punkta:

Manglande skriftleg rutine og melding om avvik på tidspress

Manglande skriftleg rutine og melding på avvik i situasjonar med tunge løft og/eller uheldige arbeidsstillingar

Manglande systematisk opplæring i forebygging av muskel- og skjelettplager/ergonomi

Manglande skriftleg rutine/opplæring i forebygging av vold og trakassering/sikring av systematisk vurderingar av arbeidsmiljø

Manglande opplæring av verneombud

Pålegga frå arbeidstilsynet er tatt til følge og oppfulgt.

Økonomi/KOSTRA

PLO hadde eit budsjett på kr 40 715 000,- Rekneskapstala viser kr 41.463.909,-, dvs eit overforbruk på kr 748.909,-. Aukraheimen har stort overforbruk på



vikarutgifter og overtid, i tillegg overforbruk på drift generelt på vel kr 900 000,-. Brukarbetaling ligg over det budsjetterte. Bergtun har eit overforbruk på kr 300 000,-. Heimetenesta har eit mindreforbruk på 470 000,-

Aukra kommune har 44 bebuarar i institusjon og 130 personar som tek imot hjelp i eigen heim/omsorgsbustad.

KOSTRA: Helse-og sosial inkludert pleie og omsorg brukar 24 % av kommunen sine netto driftsutgifter.

Investeringar

Sansehagen: Vi har laga plan over sansehagen; eit KM prosjekt. For pengane på budsjettet har vi fått asfaltert sti, lagt lyskabel, og gjerde. No står det igjen å fylle hagen med blomar, tre, kanskje eit lysthus, ein gamal båt etc. Dette vil vi ta litt etter kvart, på dugnad for det meste.

Utbygging Aukraheimen med målsetting å flytte heimetenesta til Aukraheimen, og oppgradering av kjøkken og bygningsmassen generelt: Ei nemd har gått gjennom behova og laga ei skisse som vart lagt fram for kommunestyret K-sak 23/06

Heimetenesta flytter til Aukraheimen iløpet av mars 2008, og renovering av kjøkkenet er planlagt ferdig innan utgangen av 2008. Opprusting av resten av Aukraheimen er ikkje vedteke oppstart. Vaktmesteren tek det mest nødvendige. Bygningsmassen er stor og det er behov for omfattande renovasjonsarbeid i tillegg til ombygging for å få til mindre einingar jmf K-sak 23/06. Største utfordringa er Norbo, der er det dårleg grunnarbeid, så heile avdelinga sig. Aukraheimen må nok ha ei totalrenovering der om ikkje alt for lenge.

***Ase Breivik
Einingsleiar***

Helse og sosial



Frå åpninga av helsestasjonen i Julsundet

Budsjettramme

Budsjettramme var på kr 7.302.000.

Målsettingar

Mål for helsetenesta:

Helsetenesta skal gjennom kontakt, kunnskap, førebyggjande og behandlande tenester gje menneske tryggleik og evnen til å meistre eigne liv. Innbyggjarane skal ha god tilgang på nødvendig kurative og førebyggjande tenester og rask vurdering og behandling ved behov for øyeblikkeleg hjelp.

Mål for sosialtenesta:

Sosialtenesta har som mål å sikre økonomisk og sosial tryggleik, betre levkåra for vanskelegstilte og førebyggje sosiale problem. Sosialtenesta arbeider vidare for at den enkelte skal få høve til å



leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt fellesskap med andre.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Helsestasjonen har full oppslutning om helsekontrollar og vaksinasjon. Helsestasjon på fastlandet har opna og alle gravide som ber om det får kontroll hos jordmor. To dagar i veka er det treffetid med helsesøster på alle skolane.

Vi har fått ergoterapeut tilsett som tek seg av m.a hjelpemidlar og deltek i aktivitetar ved dagsenter for psykiatri. Tilrettelegging for funksjonshemming er betra.

Fyrste halvår var det stor aktivitet på Ormen Lange-anlegget og dermed vart ventetida til ordinær legekonsultasjon lengre enn vanleg. Legekantoret har vidareført avtalen med Hydro og hadde 987 konsultasjonar frå Ormen Lange anlegget. Totalt var det 7598 konsultasjonar hos lege og 1568 henvendingar til legevaktssentralen frå Aukra kommune. På slutten av året er ventetida for legetenester 1-3 veker og alle med behov for øyeblikkeleg hjelp får raskt hjelp.

Det var tilsett ny fysioterapeut på slutten av året og driftstilskotet er auka med 20 %. Det vil føre til kortare ventetid for vanleg behandling som har vore på 2-3 mnd.

Ambulansebåten dr. Riiber har høg regularitet og lite vedlikehold og har i alt

kjørt 18000 km, 65 % av turane gjeld transportar til og frå sjukehuset og transport av ambulanspersonell. Dei totale kostnadane for legeskyss med båt har gått ned med kr. 246.000 frå 2006 til 2007.

Vi manglar nokre avlastningsplassar for funksjonshemma born og det er også vanskeleg å få støttekontakttjeneste til 26 personar som har søkt om støttekontakt og/eller avlastning.

Dette er belyst i eiga sak til kommunestyret. Det er behov for å styrke denne tenesta.

Securitas utførte tre alkoholkontrollar, ein med avvik som vart meldt til kommunestyret.

Tre søkarar fekk innvilga kr 1.035.000 i startlån til kjøp av bolig og utbetring av bolig.

Det er gjort 82 vedtak i klient/sosialsaker. Det er kort ventetid på økonomisk rådgjeving.

Økonomi / kostra

Regnskapet er på 7.395.392. Dette er eit overforbruk på kr. 93.392.

Investeringar

Ingen.

***Roald Borthne
Einingsleiar***



Plan, utvikling og samfunn



Aukraskogen

Budsjettramme

Budsjettet er på kr 2 070 000. Ramma skal dekke kommuneplanlegging, reguleringsarbeid, oppmålingsarbeid, naturforvaltning, landbruk og næring.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Plan, utvikling og samfunn skal arbeide for oppfølging av planarbeidet i kommunen med mellom anna kommuneplan - reguleringsplanar , energi og klima. Eininga har ansvar for oppmåling - kartverk og matrikkelføring, sal og utleige av kommunal grunn, forvaltning av lovverket m.a. plan og bygningslova, forvaltningslova, jord og konsesjonslova, forureiningslova.

Oppmåling

Landmålararen slutta i desember og det er leigd inn teneste frå oppmålingsfirma. Det har vore stor pågang for oppmåling og grensejustering. Her er det ein del etterslep som må ryddast unna. Arbeidet med innsending for tinglysing/ arkivering m.m blir utført i samarbeid mellom saksbehandlar FDV og fagkonsulent PUS, noko som medfører vesentleg ekstra arbeid.

Kommuneplanleggjing

Kjell Lode fekk permisjon frå stillinga i oktober og Urszula Wolosz. fungerer mellombels. Ny einingsleiar kjem 1.4.08. Igangsette prosjekt er fordelt slik: Reguleringsarkitekt Urszula Wolosz - kommuneplan arealdelen, kommuneplan Nautneset, reguleringsplan nytt hotell Nautneset, reguleringsplan Falkhytten, reguleringsplan Nautneset Industriområde, reguleringsplan Hollingen II, reguleringsplan Aker Yards, reguleringsplan Aukraskogen.

Kommuneplan samfunnsdelen er Gerd Nerbø prosjektleiar for.

Rullering av kommunedelplan for Idrett og friluftsliv er lagt til OKU ved einingsleiar Anne Jorunn Sandøy.

Reguleringsarbeid som står stille: Fiskerihamn, Røssøyvågen, Karlsholmen, Torhaugmyra - Hollingen.

Administrasjon av industriområda:

Nyland industriområde. Stor aktivitet og til dels for lite areal til utleige. Det er på gang sal av ein del tomter.

Nautneset industrområde. Grunnarbeid pågår. Det er på gang sal av ei tomt. Utleige av areal.

Hollingen industriområde. Nokre forespørsler på kjøp, men foreløpig lite omsetning.

Rothaugen. Stor aktivitet. Litt utleige av areal. Dårlig grunn for den store trafikken som har vore der. Det pågår arbeid for utbetring/bygging av nytt lagringsområde. Skyttarhuset. Ferdigstilling etter massetak ikkje i orden.

Brannstasjonområdet. For lite plass på Nyland og Nautneset, har gjort at området rundt brannstasjonen er nytta til mellomlagring av brakkeriggar. Samme leigepris som industriområde.

Viltneimnda:

Sekretærfunksjon.



Frå åtte vald i 2005 til tre i 2007 er det administrative arbeidet i Aukra viltneemd betydeleg forbetra.

Vidare arbeid med organisering av "storvald" og jakt pågår.

Fellingsrapport 2007.

Rådyr: 184 felt av 249 løyvde. Hjort: 40 felt av 47 løyvde. Elg: 1 felt av 2 løyvde.

Ettersøk: 34 rapporterte påkøyrslar med ettersøk. (stigande – 27 i 2006)

Skadefelling av gås: 71 felt av 130 løyvde.

Tilbakemelding etter jakta er: Det er observert mindre flått på dei felte dyra i 2007 enn 2006.

Friluftsrådet – friområde/badestrender – turstiar:

Eininga samarbeider med OKU.om tilrettelegging for friluftsliv i Aukra kommune.

Landbruk og forvaltning av landbruksareal 2007:

Søknad om produksjonstilskott: 31 stk.

Bruk med mjølkeproduksjon: 13 stk.

Av dette vart 3 mjølkekvoter selde og avslutta i 2007. Bruk som sluttar med mjølk, held fram med kjøtproduksjon på ungdyr og ammeku. Det er ei tiltagande "heilårsbeiting" med storfe. Denne beitinga har ein klar negativ miljøeffekt på deler av beiteområda. Det er set i verk tiltak for å unngå dette.

Aukra kommune har ikkje landbruksvikar. Det er eit stramt arbeidsmarked og vanskeleg å skaffe avløyising for sjukdom, ferie og fritidsavløyising.

Aukra Avløyislarlag vart nedlagd i 2007. Avløyislarlaget har hatt ein svært positiv effekt for avløyisarverksemda og for dokumentering av avløyisarutgifter for brukarane i Aukra.

SMIL: spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap.

Kr. 50.000 er løyvd til skjøtsel av kulturlandskap og tursti.

Jord og konsesjonslovsaker:

Omdisponering § 9 i jordlova: 1 stk innvilga, 4 avslag = 5 saker

Areal dyrka og dyrkbart godkjent omdisponert: 3 daa dyrka jord – 2 daa dyrkbart.

Areal godkjent omdisponert etter plan og bygningslova: Dyrka jord, trafikkområde 5 daa. Dyrkbart, trafikkområde 4 daa. Dyrkbart, friområde 130 daa. Dyrkbart, spesialområde 15 daa.

Det er ikkje gitt eller søkt løyve til nydyrking i 2007.

Deling etter § 12 i jordlova:

Saker godkjende: 5 stk. Av desse med formål. Tilleggsjord 1 stk. Søknader avslått: 1 stk.

Konsesjonsaker:

Godkjend utan vilkår: 1 stk.

Godkjend med vilkår: 4 stk.

Av desse med vilkår om personleg buplikt: 1 stk, upersonleg buplikt 2 stk. Personleg driveplikt 2 stk. Upersonleg driveplikt 2 stk. Sum 6 saker.

Energi og klima:

Førebuande arbeid for evt. energi og klimaplan for Aukra kommune, prosess er starta.

Renovasjon:

Etter at RIR overtok renovasjonen er dette arbeidet svært redusert. Ein del kontaktformidling mellom abonnent og RIR foregår. Oppsynet med den gamle avfallsfyllinga og prøvetaking pågår 2 gonger årleg.

Sommarjobb:

4 ungdomar har hatt sommarjobb med rydding av strand og offentlege område i Aukra.

Økonomi/KOSTRA

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr.346.528. som skuldast mindre innleige av konsulenttenester enn budsjettert.

Investeringar

Ingen.

Tor Arild Engstad
Fagkonsulent PUS



Forvaltning, drift og vedlikehald



Budsjetttramme

Budsjettet var på kr. 10.320.000.

Ramma skal dekke aktivitetar innafor byggesak, VAR-området, vedlikehald av kommunale bygg, eigedomar og kommunal samferdsel.

Mål

Målsettinga for forvaltning, drift og vedlikehald var å skape så godt resultat som mogeleg innafor dei rammer som blir tildelt.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Forvaltning og byggesak

Behandlingstida for byggesøknader er innanfor dei krav til saksbehandlingstid som er sett i lovverket. Innleige av saksbehandlingsskapasitet frå Molde i samband med utbygginga på Nyhamna vart avvikla i 2007. (15% stilling siste år) Vi har hatt ei vakant stilling innafor byggesak, noko som fører til ekstra belastning på organisasjonen. (Aktiviteten er dekt av inntekter med ca 72%)

VAR (Vatn, avløp og renovasjon)

Vatn og avløp har i 2007 vore i ein ny situasjon etter innfasinga av "Ormen Lange"-anlegga. Dette gjeld både inntekts- og utgiftssida. Økonomien her er difor ikkje lett å berekne verken for utgifts- eller inntektssida i 2007/08.

Målet for VAR- området i 2007 var å få gjennomført naudsynte endringar for å oppnå god, sporbar og sikker drift, spesielt innafor vatn og avløp. Det er oppnådd mykje gjennom gjennomføring av spylingsrutinar for nett og basseng. Kvaliteten på vatnet er difor blitt stadig betre. Arbeidet elles er blitt skadelidande av at stillinga som driftsingeniør har stått vakant. Vi har ikkje lukkast i å rekruttere ny ingeniør etter to utlysingar. Oppgåvene er fordelt på mellom dei andre tilsette i FDV avdelinga, noko som gjer at vi berre rekk det mest naudsynte.

I haust fekk vi eit brot i den eldste sjøslangen ca 750 meter ut i fjorden. Slangen er av dårleg kvalitet og det har vært fleire brot seinare år. Truleg må den skiftast ut og kostnaden vært truleg over ein mill.

Av rekneskapsoppsettet for VAR området ser vi at tiltaka med utgiftsreduksjonar innafor VA og auke i avgiftsnivået for vatn, i budsjettet for 2008, var naudsynt. Også for avløp må avgiftsnivået handsamast kommande år.

Rekneskapsoppsettet for VAR viser også at avgifta berre dekkjer driftskostnadene ved renovasjonen. Renter, avskrivningar og indirekte utgifter gir underskott, dvs vi har med oss avskrivningar frå investeringar tidlegare (arbeid med å finne feilkildar er i gang).

Renovasjon er overtatt av RIR. FDV har hatt ein medarbeidar og maskin utleigd til RIR på mottaksstasjonen i 2007. Dette engasjementet vil bli avvikla i 2008.

Kommunale bygg

Dei ulike ansvarsområda for bygg må sjåast i samanheng. Føring av leigeinntekter er ikkje lik i budsjett og rekneskap. Jfr vedlikehaldsrapporten utført av Firma Anders Overrein AS, er det berre



det mest naudsynte vi kunne få utført med budsjettet for 2007, dvs. godt under

middels nivå. Drifta i 2007 gjenspeglar denne realiteten.

Prosjektet "Brannstasjon/driftsbyggFDV" er sett i bero jfr vedtak i kommunestyret. Dei midlertidige lokala er ikkje tilfredsstillande for utstyret over tid.

Veg

Asfalteringsprogrammet for veg var gjennomført som planlagt i 2007 med unntak av Hoksnesvegen og vegen til Smia i Røssøyvågen. Generelt vedlikehald var betydeleg større enn tidlegare år. Isolert sett er det resultatet for veg på + 26% i høve til budsjett. (Vintervedlikehaldet åleine står for 30%)

Ekstraordinære forhold.

Stillinga som leiar ved eininga Plan, utvikling og samfunn har stått vakant sia i haust. Ny leiar er på plass 1.april 08. I all hovudsak har oppgåvene vore utført av FDV.

Stillinga som oppmålingsingeniør ved PUS har vore vakant sidan november. Oppgåvene her har vore administrert av FDV ved innleige. Vi har så langt ikkje lukkast med å rekruttere ny ingeniør etter utlysing.

Stillinga som brannsjef blei vakant etter valet av ny ordførar. Stillinga er bemanna ved intern omorganisering. Som følge av dette har stillinga som driftsingeniør stått vakant sidan oktober. Vi har ikkje lukkast i å rekruttere ny ingeniør så langt, etter to utlysingar.

Det er elles ei vakant ingeniørstilling innafor kommunale bygg.

Å få besatt stillingar med krav til teknisk kompetanse har vore vanskeleg i 2007. Dette gjeld både ingeniørar og fagarbeidar VA.

Utbyggingsaktiviteten har vore stor i kommunal regi, jfr investeringsbudsjettet. Aktiviteten inn mot kommunen frå private føretak har vore stor. Nemner kort ferdigstilling ved Nyhamna og gjennomføring av utbyggingsavtalen for dette prosjektet, utbygging av reservekraftanlegget, hotellplanane, prosessen kring Juvika småbåthamn samt utbyggingsavtalar for fleire private utbyggingsprosjekt.

Situasjonen ved FDV har derfor vore svært utfordrande i siste halvår 2007.

Økonomi

Budsjettert ramme for 2007 var på kr 10.320.000. Rekneskapen viser eit resultat på kr 4.833.000. Dvs det er brukt 5.487.000 mindre enn budsjettert. Forklaringa på dette er i hovudsak at utbygginga av Sætervegen, der del av utbygginga kjem i 2008.

Etterslepet i vedlikehald innafor kommunale bygg og innafor VA området er stort.

Drifta av utleigebygg (Fiskarfagskulen), ansvar 6269, vart tilført FDV som nytt ansvarsområde etter at budsjettet for 2007 var vedteke. Det vil seie at det i budsjettet ikkje var sett av midlar. Det er framleis ikkje avklart kor stor den kommunale andelen blir i drift- og vedlikehald av denne eigedomen.

Investeringar er kommentert i eige avsnitt i årsrekneskapen.

Terje Urdshals Einingsleiar



Brann og beredskap



Budsjettramme

Den budsjetterte ramma for 2007 var på 2.940.000.-

Ramma skal dekke brannvern, feiing, oljeberedskap og anna kommunal beredskap.

Mål

Målsettinga for Brann og beredskap er å vere førebudd, motivert og organisert på ein god og effektiv måte. Vi forsøker å ivareta dei utfordringane som etaten er pålagt, gjennom lov, forskrift og samarbeidsavtalar, og ikkje minst samarbeid og øvingar med andre etatar. Interkommunale avtalar og skal fungere etter dei målsettingane som er beskrevet.

Måloppnåing med kommentarar på avvik

Avdelinga sine oppgåver og arbeidsområdar er i hovudsak definert i Lov av 14.juni 2002 om vern mot brann og eksplosjonar m.v. (brann og eksplosjonsvernloven) § 11.

Aukra brann og beredskap har 23 personar som deltek i vakt, oppdrag eller andre oppgåver for etaten. Det var fire reelle utrykkingar i 2007 varsla gjennom 110 sentralen. Ein hadde også fem varslingar som var unødige. I tillegg yter ein bistand i andre oppdrag

Målet om bygging av ny brannstasjon og kurs og opplæring for befall er ikkje fullført. Grunnen til dette er at dei som skulle ha denne utdanninga, ikkje fekk plass på skule. Alle mannskapa har no fått den nødvendige opplæringa i hht lovverket.

Avtalen mellom AS Norske Shell – Ormen Lange drift og Aukra kommune om ein eventuell samarbeidsløysing/avtale mellom partane, vert underskreve for 2008. Det er usikkert kva slag samkvem som kjem ut av dette etterkvart.

Økonomi/KOSTRA

Driftskostnadane totalt i forhold til budsjett er tilfredsstillande. Vaktlaget har vorte redusert frå fem til fire, men dette er innafor lovverkets krav.

Investeringar

Det er ikkje føretatt større investeringar i 2007.

Dick Brevik
Brannsjef.



Prosjektorg. Ormen Lange

Aktivitetane knytt til utbygginga av anlegget på Nyhamna, vart dekt av Hydro gjennom planavtalen fram til 1. oktober 2007.

Det var aktivt samarbeid med utbyggingsoperatøren Norsk Hydro om å få gjennomført tiltak innafor kommunal infrastruktur og tilrettelegging for auka verksemd på Aukra. Felles saker vart drøfta i Samarbeidsforum (leiinga i Norsk Hydro, fylke og kommune), Kontaktforum på Nyhamna hadde møte ein gong i månaden, og det vart arrangert fleire grendalagsmøte for å informere naboane til gassterminalen.

Gassproduksjonen frå Ormen Lange kom i gang 13. september 2007, ti år etter at Norsk Hydro påviste feltet. Ferdigstillinga vart markert med "folkefest" på Aker stadion i Molde og på Aukra, der kongeparet deltok.

AS Norske Shell tok formelt over som driftsoperatør 1. desember 2007. Intensjonen er å få etablert ein driftsavtale med Shell tufta på "Det gode naboskap", med vidareføring av gode erfaringar og tiltak i utbyggingsavtalen med Norsk Hydro.

For å sikre tilførsel av nok elektrisk kraft har Statnett gjort vedtak om å plassere eit reservekraftanlegg ved gassterminalen på Nyhamna.

Det vart innleia samtalar med kommunen om ein utbyggingsavtale, der særleg vassforsyning står sentralt.

Økonomi/investeringar

Utbyggingsavtalen kommunen inngikk med Norsk Hydro hadde som målsetting å kompensere for høgt aktivitetsnivå som følgje av anleggsveksemda på Nyhamna,

og betre tilhøva for Aukra-samfunnet. Også i 2007 vart det løyvd midlar til:

- Kulturelle aktivitetar
- Opprusting av vegar og trafikktrygging.
- Småbåthamn.
- Sosiale -, helse- og trivselsmessige tiltak.
- Brannberedskap
- Skjøtselplan

Shell trakk seg frå samarbeidet om ein felles brannstasjon for kommunen og gassterminalen. Ein mellombels driftsavtale for brannvern vart etablert, basert på vaktordninga frå utbyggingsperioden. Kommunen får eit tilskot frå Shell.

Tilleggsbelastningar (meirkostnader) for kommunen som følgje av Ormen Lange utbygginga, vart kompensert gjennom Planavtalen. Dette omfattar m.a. tilskot til administrative og politiske tiltak i kommunen. Rekneskapan for 2007 viser eit overforbruk på kr. 255 347

Måloppnåing /avvik

Det lokale gassrørnett, selt til det lokale operatørselskapet, Aukra Gass AS, vart ikkje sett i drift i 2007, med unnatak av lokalt nett på Solemfeltet.

Kommunestyret i Aukra godkjente Samarbeidsavtale III, med dei endringane det vart gjort framlegg om frå dei andre kommunane.

Arbeidet med utbyggingsavtalen med Statnett pågår og er venta lagt fram for kommunestyret medio 2008.

Utbygging av Juvika Småbåthamn vart ikkje sett i gang pga manglande avklaring av grunnverv.